

Universitetet i Bergen
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE)

REFERAT FRA MØTE I INSTITUTTRÅDET VED LLE

Stad: Rom 435, HF-bygget

Dato/ tid: onsdag 9. mai 2018 kl.10:15-kl. 12:05

Møtt: Daniel Apollon, Erik Bjerck Hagen, Aidan Keally Conti, Jørgen Bakke, Christer Johansson, Torodd Kinn, Endre Brunstad, Eli Kristine Knudsen, Knut Ove Arntzen, Per Sigmund Sævik Bøe, Trude Bukve, Vegard Sørhus, Anne Brit Apold, Jessica Hildonen, Oda Marie Villanger, Johanna Kleive og Hanna Nakken. Referent: Håvard Østrem Peersen. Vara-representant til fakultetsstyret Sigrun Åsebø var også til stades, etter invitasjon for å orientere om og å delta i diskusjon om saker til behandling i fakultetstyremøtet 15. mai 2018.

Til dagsorden

- Innkalling og sakspapir vart godkjent
- Referat frå møtet 6. mars vart godkjent

IR-sak 14/18: Orienteringssaker

- Saker frå fakultetsstyremøtets sakliste 15. mai: rekneskap mars 2018, ex. fac. og førstesemesterstudia og meritteringsordning for undervisning.
- Stillingssaker: til behandling i fakultetsstyret 15. mai: 50 % stilling som leksikograf, universitetslektor ved Prisme, førstemanuensis i nordisk språkvitenskap og stilling som prosjektleiar for BFS-prosjektet «Transformation of Medieval Law.» For tida til behandling på instituttet: inn til fem leksikografstillinger, tre universitetsstipendiatstillinger og tre postdoktorstillinger. Den som var innstilt på førsteplass til lingvistikkstillinga etter Helge Dyvik har takka nei, og den neste på lista har fått tilbod om tilsetting.
- Instituttleiarstillinga: aktuelle kandidatar vil bli intervjuet i løpet av mai, og innstilling skal etter planen leggas fram for fakultetsstyret 19. juni.
- Rapport frå Norsk språkhistorie: rapporten var lagt ved innkallinga til møtet.
- Ressursbudsjettering: fakultetet vil i løpet av haustsemesteret leggje fram eit revidert opplegg for føring av arbeidstimar i timerekneskapet.

Vedtak (samrøystes):

IR tar orienteringssakene til orientering.

IR-sak 15/18: Dagleg leiar for Norskkursa

Saka vart diskutert med utgangspunkt i forslag til utlysingstekst, som var sendt ut som sakspapir til møtet, og notat frå Eli K. Knudsen, «Daglig leder på Norskkursene», som vart delt ut under møtet (vedlagt).

Vedtak (samrøystes):

Saka vart diskutert, og ligg no i fagmiljøet.

IR-sak 16/18: Budsjettinnspel 2019 (diskusjonssak)

Fakultetet har i brev datert 3. mai 2018 bedt om budsjettforslag frå institutt og senter for 2019, blant anna med planar for utdanning, forskning formidling og innovasjon som vil økonomisk effekt allereie frå 2019 av. Fristen for å kome med innspel er sett til 8. juni 2018. Leiargruppa vil utarbeide eit utkast til budsjettforslag, som vil bli sendt til IR på sirkulasjon viss ikkje det går å få fristen utsett.

Vedtak (samrøystes):

IR tar sak 16/18 Budsjettinnspel 2019 til vitende.

IR-sak 17/18 Revisjon av HMS-plan 2018 og oppfølging av HMS-rapport 2017

Vedtak (samrøystes):

1. HMS-planen vert revidert med tillegg av desse punkta under «Det fysiske arbeidsmiljøet»:
 - Tavle til å skrive på ved sida av duk for skjermvisning, særleg i aud. A og B
 - Skilting og rettleiing for lysbrytarar
 - Rutinar for tilgjengeleg inventar
 - Fast installerte dokumentkamera
 - Blendingsgardiner og ur i undervisningslokale
2. Arbeidet med medarbeidersamtalar får auka prioritet ved LLE i åra som kjem. Det bør utarbeidast realistiske planar for medarbeidersamtalar med gruppe B, særleg må postdoktorar prioriterast. For gruppe A samarbeider LLE med fakultetet for å utvikla praktiske former for delegering.
3. LLE vidarefører oppfølginga av ARK i samsvar med HMS-planen for 2018.
4. Arbeidet med punkt 3 og byggjer på den drøftinga av strukturelle problem ved fakultetsorganiseringa som vart lagd fram for IR 31.08.17, sak 28/17.

IR-sak 18/18 Eventuelt

Det vart ikkje meldt inn saker.

Møtet vart avslutta kl. 12.05

Håvard Østrem Peersen, referent